

Trekking av elgtenner

Kvifor?

Tennene trekkast på måten gjort greie for i det følgjande for å sikre ein rasjonell arbeidsmåte og godt råmateriale for seinare tannsnitting. Der er to hovedmåtar å trekke tennene på, den eine er utførleg gjort greie for i denne brosjyra. ALTERNATIVT KAN TENNENE "VIPFAST" UT MED EIN KNIV MEDAN ELGEN FRAMLEIS ER VARM. Ein må då vere overmåte forsiktig med tennene og få med ei HEIL, USKADD TANNROT, sidan "åringane" lesast av i tannrota.

Korleis?

1: For kvar skoten elg fyllast det ut ein tannkonvolutt umiddelbart etter at elgen er slakta og veid. Konveluttar fåast av Faun

2: Konvolutten festast til fremste del av elgen sin underkjeve.



3: Kjeve og konvolutt oppbevarast samla saman med andre kjevar/konvoluttar til jakta er slutt. Då merker ein dei to fremste tennene med sprittusj (vi har brukt "penol 750 medium line, permanent"). Før over feltelgnummer fra konvolutten til tannemaljen.



4: Kok tennene i ca. 15 minutt.
Prøv først med ein kjeve at sprittusjen tåler kokinga.
Deretter kan resten av kjevane kokast i same kjele sidan nummereringa ikkje forsvinn. For gifte/ sambuande jegerar kan denne delen av prosessen gjerne gjennomførast i friluft!



5: Dra ut dei **TO** fremste/ midterste tennene med tang.



6: Skrap av det grøvste av kjøtt og fettrester med neglen (ikkje bruk metall!).



7: Legg tennene tilbake i konvolutten med same feltelgnummer. **Pakk aldri tennene i plast!**



Spørsmål

Spørsmål rettast til: Lars Erik Gangsei ved Faun Naturforvaltning AS, tlf. 35 06 77 01, e-post: leg@fnat.no